

Til Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Dykkar sak: 202609565

Vår sak: 26/7593

Fråsegn – mellombels avvik frå manøvreringsreglement – Tyin kraftverk – Årdal

Vi viser til høyringa av søknad om mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Tyin kraftverk. Vi sender berre ei forenkla fråsegn.

Vasstanden i Tyin skal senkast inntil 3,5 meter under LRV, og minstevassføringa i elva nedstraums dammen skal reduserast frå 300 til 150 l/s, i perioden 1. mars til 17. april 2027. Vasstanden vil vere tilbake på LRV innan 1. juli.

Føremålet er å kunne gjennomføre pålagt rehabiliteringsarbeid på tappearrangementet. Tiltaka har dermed stor samfunnsverdi, og det må akseptast noko mellombels ulempe for andre interesser.

Ut frå det som kjem fram av søknaden reknar vi ikkje med at avviket vil få konsekvensar av noko omfang for fisk eller anna biologisk mangfald.

Statsforvaltaren har, ut frå dette, ikkje merknader til søknaden.

Med venleg helsing

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 35

E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl